

NEBBNESET



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Det er ikkje nemnd folk i Nebbneset i folketellinga i 1801, men i 1812 bygsla fogden bort rydningsplassen Næbnæsset i Nordherreds almenning til Niels Gundersen og hustru, mot betaling av rydningsskatt 72 skilling og fyrstebyggesel 2 Rd. Niels Gundersen 1759-1833 var frå Ulsanden og vart i 1792 gift med Ragnhild Hansdotter 1771-1853. Ragnhild er nemnd på Ulsanden i 1794 og i 1801 er dei nemnde som eigen husstand på Ulsanden. Niels er nemnd som Ulsanden både i 1801 og 1807, det ser såleis ut til å vera i åra 1807-1812 dei har starta på Nebbneset. Niels og Ragnhild hadde barna

Kari 1792-1876

Mari f. 1795

Marit f. 1796

Marit f. 1801

Guri 1802-1819, døydde av epilepsi

Ragnhild f. 1815

Kari vart i 1819 gift med Jon Langøygard 1786-1857 som fram til ca. 1803 voks opp i Sandebakken. Dei hadde barna

Nils 1819-1893

Guri 1828-1904, budde i Næbnesset i 1865 og 1875

I 1831 vart det forlik om innlagt seter i Djupviken slik at Nils Næpnæsset og svigersonen Jon skulle få bruke setra på si levetid, etter sistnemndes død skulle setra utleggjast til almenninga. I 1838

fekk Jon Næbnæsset bygselseddel på setra. Nebbneset har framleis seter i Djupviken ved Tesse.

I 1840 fekk den mindreårige Nils Jonsen kongeskjøte på Næbnæsset for 60 Spd. Nils var spellmann og vart kalla Spellmann Kveks fordi han var tverrsint. Han vart i 1846 gift med Marit Olsdotter Åbakken f. 1823, det er mogleg det er ho som er nemnd som kårkone i 1900. Nils og Marit hadde døtrene:

Kari 1846-1935

Toline 1849-1934, gift med Knut Pedersen Storsteinrusten 1853-1932

Ragnhild f. 1862, til Quebeck i Canada i 1891

Nils hadde med Mari Larsdotter Tessneset 1815-1889 dottera Kari f. 1843 utanfor ekteskap.

Kari f. 1846 vart i 1872 gift med Imbert Hansen Veien 1849-1937, og det var desse som vart brukarar i Nebbneset. Dei hadde barna

Nils 1872-1952, gift 1903 med Guri Pedersdotter Runningen 1882-1967, kjøpte

Purkelykkja (Åsvang) i 1913

Hans Veien 1875-1959, gift 1900 med Ingeborg Jakobsdotter Bukkesteten 1880-d. før

1947, kjøpte Ulsand

John Nebbneset 1879-1956, gift 1913 med Hanna Hansdotter Dypdalen 1887-1924

John Ingebrigtsen fekk i 1921 skjøte etter faren på gnr. 95 bnr. 1 Næpnestet for kr 300,- samt føderåd verdsett til kr 1000,-. Summen inkluderte verdi av lausøyre kr 500,-. John og Hanna hadde døtrene

Kari 1908-1962, gift med Mathias Hagen 1904-1982, kjøpte Mork Marit 1913-1998

Marit overtok bruket i 1952 og budde her til etter 1990. I dag er det sonedatter til systera Kari Mork som eig Nebbneset, men det bur ikkje folk der.

I 1875 var det i Nebbneset 3 kyr, 8 sauer og 9 geit, medan det vart sådd $\frac{3}{4}$ tønne bygg, litt rug og $1\frac{1}{2}$ tønne poteter.

Kjelder: J.Kolden 2000: Bygdabok for Lom 1. s. 70
P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 19
Norsk Gardsbruk 1953-1997
Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900
Utskrift kyrkjebøker
Panteregister/grunnbok
Utskrifter pantebøker/tingbøker
Anna Randen: munnleg fortald